

Etiske reglar i Bømlo kommune

- for tilsette og folkevalde

Profesjonalitet

Me opptre ærleg og viser respekt for alle menneske.

Me bruker fagkunnskap og skjønn i vårt arbeid og handsamar alle likeverdig.

Me sørgjer for at fortrulege opplysningar ikkje kjem på avveggar, og misbrukar ikkje tilgang til informasjon.

Me er lojale i oppfølginga av administrative og politiske avgjerder.

Me følgjer norsk lov, interne reglar og god forvaltningsskikk.

Me kan ikkje nytte informasjon som ikkje kan stadfestast i arbeidet vårt.

Me er bevisste på at våre handlingar og haldningar påverkar kommunen sitt omdømme.

Openheit og dialog

Me lyttar til innbyggjarane sine innspel gjennom dialog, brukarmedverknad og høyringar.

Me sikrar offentlegheita sitt krav på innsyn og opptre profesjonelt i kontakt med media.

Me opptre ikkje som representantar for kommunen når me deltek i samfunnsdebatten som privatpersonar.

Me tar opp saker me er misfornøgd med rette vedkommande. Me snakkar med og ikkje om.

Digital tryggleik og personvern

Me skal handtera digitale verktøy på ein trygg måte og verna om sensitiv informasjon.

Me skal følgja retningslinene for trygg bruk av IT-system og rapportera eventuelle tryggleiksbrot.

Likestilling og mangfald

Me skal fremja likestilling, mangfald og inkludering.

Me skal ta aktivt avstand frå diskriminering på grunnlag av kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, alder eller seksuell orientering.

Interessekonflikhtar

Me informerer om private forhold og interesser som kan påverke avgjerder eller utføring av oppgåver for kommunen.

Me sørgjer for at eigen habilitet blir vurdert før me saksbehandlar eller treff avgjerder.

Gåver og representasjon

Me mottar ikkje arv eller personlege fordelar i vårt arbeid, men gåver av ubetydeleg verdi kan me motta dersom det er avklart med leiar.

Me avklare med leiar kva for arrangement me kan delta på i jobbsamheng.

Pengar og eigendelar

Me jobbar for fellesskapets beste og sørgjer for at kommunens økonomiske verdier blir forvalta forsvareleg.

Me tek omsyn til miljøet og bidrar til reduksjon av energibruk og klimautslepp.

Me er ansvarsfulle i forvaltninga av kommunen sine pengar og eigendelar

Innkjøp

Me følgjer regelverket om offentlege anskaffingar og opptre profesjonelt i rolla som bindeledd mellom leverandørar og kommunen.

Me kjøper varer og tenester via kommunen sine rammeavtalar og kontraktar.

Me kjøper ikkje varer eller tenester frå kommunen sine tilsette, vener eller slektningar.

Me mottar ikkje særfordelar ved private kjøp av varer og tenester frå kommunen sine leverandørar.

Arbeidsmiljø

Me tek ansvar for å fremje eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

Me skaper helsefremjande arbeidsplassar ved å bidra til arbeidsglede og jobbengasjement.

Me tek aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering.

Varsling

Me har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold.

Me har mot til å varsle. Leiinga skal ivareta den som varslar, og ta ansvar for at kritikkverdige forhold blir retta opp.

Etiske reglar i Bømlo kommune

- for tilsette og folkevalde

Notat til etiske reglar

Me forvaltar store ressursar og grunnleggjande velferdstenester på vegner av innbyggjarane. Difor må både folkevalde og tilsette opptre med høg etisk standard. Haldningane og handlingane våre påverkar tilliten til kommunen, og me har alle eit personleg ansvar for korleis me opptrer.

Retningslinjene våre viser verdier og prinsipp for god etisk praksis. Varsling gjer det mogleg å rette opp kritikkverdige tilhøve.

Me har sjølvstendig ansvar for å følgje retningslinjene. Folkevalde og leiarar skal vera rollemodellar og fremja ein kultur der etisk tenking er ein del av kvardagen. Leiarar skal sørgja for at medarbeidarane kjenner og lever etter reglane.

Me skal opptre upartisk og likebehandla. Kommunen sine interesser må ikkje blandast med personlege. Me har sjølv ansvar for å vurdere habilitet og tre til side ved behov. Dobbeltrøller og interessekonflikthar må unngåast.

Folkevalde og tilsette i sentrale stillingar skal registrera relevante verv i KS sitt styrevervregister ein gong i året. Kommunedirektør har ansvar for oppfølging. Registeret skal vera offentleg.

Arbeidsavtalen skal respekterast. Me kan ikkje utan vidare ta anna løna arbeid eller starte eiga verksamd som kan gå ut over jobben i kommunen. Ekstra arbeid skal ikkje skapa dobbeltrøller, habilitetsproblem eller konflikthar med stillinga me har.

I tillegg til dei etiske reglane me har vil også desse dokumenta (m.fl) som omhandle reglar for handling og åtferd i Bømlo kommune:

[Arbeidsreglement](#)

[Kommunikasjonsstrategi](#)

[Prosedyre: Forebygging og konflikthandtering](#)

[Plan: Likestillingsplan](#)

[Retningslinjer: Ugildskap etter styrearbeid](#)

[Retningslinjer: Informasjonstryggleik og personvern i Bømlo kommune](#)

[Retningslinjer: Varsling av kritikkverdige høve](#)

[Rettleiing for samarbeid mellom leiar, tillitsvald og verneombod](#)

[Retningslinjer: Gåve til tilsette](#)

[Rettleiar: Bruk av sosiale media i Bømlo kommune](#)

[Rettleiar: Bruk av kunstig intelligens \(KI\)](#)